

# KONTROLLUTVALET I ÅLESUND KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 14.10.2020, kl.16.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Lerstadvegen 545.

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok:

Kåre A. Hanken, Knut Helge Vestre, Terri Senior og Jannicke Strømmen.

**= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Ålesund kommune deltok assisterande kommunalsjef Evy Kristin Sæth under orienteringa om tilskot til private barnehagar.

Frå kommunerevisjonen deltok oppdragsansvarleg revisor Veslemøy Ellinggard under sak 38/20 og forvaltningsrevisor Kurt Løvoll under sak 39/20.

---

Møtet starta med ei grundig orientering kring tilskot til private barnehagar og ei generell orientering kring gjeldande regelverk og rutinar. Assisterande kommunalsjef Evy Kristin Sæth gjekk gjennom ein presentasjon, og utvalet sine medlemmar fekk høve til å stille spørsmål og diskutere tema undervegs.

Kontrollutvalet valde å ta orienteringa til vitande.

## **SAK 36/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. AUGUST 2020**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 17. august 2020.

## **SAK 37/20 MELDINGAR**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet valde å ta melding nr. 1, «Rekneskapsrevisjon 2019 Ålesund kommune. Brev frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 29. september 2020» til vitande.

## **SAK 38/20 PRESENTASJON AV REVISJONSPLAN OG NYTT REVISJONSTEAM FOR ÅLESUND KOMMUNE**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2020.

Ny oppdragsansvarleg revisor for Ålesund kommune, Veslemøy Ellinggard orienterte kontrollutvalet om arbeidet med revisjonsplan 2020 og presenterte ulike problemstillingar og tema som dei vil sjå nærare på. Vidare fekk kontrollutvalet høyre om dei ulike personane som skal arbeide med revisjon for Ålesund kommune.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa og revisjonsplanen 2020 til vitande.

## **SAK 39/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2020.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Innstilling til Ålesund kommunestyre:

1. Ålesund kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgande prioriterte fokusområde:
  1. Sjølvkost innan teknisk sektor
  2. Kvalitet innan pleie/omsorg
  3. Økonomistyring i oppvekstsektoren
  4. Rutinar for offentleg innkjøp
  
2. Ålesund kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden om det er naudsynt.

## **SAK 40/20 FORSLAG TIL REGLEMENT FOR ÅLESUND KONTROLLUTVAL**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2020.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Innstilling til Ålesund kommunestyre:

Ålesund kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement.

## Eventuelt:

- På neste møte i kontrollutvalet ønskjer utvalet ei orientering kring rutinar for politisk sluttbehandling av større byggeprosjekt i Ålesund kommune. Sekretariatet vil ta dette opp med kommunedirektøren.
- Ålesund kontrollutval er kjend med sak frå ÅKE angående kjøp av brakker. Kontrollutvalet er kjend med at ÅKE sitt syn på dette er delt med ordførar og kommunedirektør. Kontrollutvalet forventar at kommunestyret får same orientering.

Møtet var slutt kl. 19.00

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

Jannicke Strømmen

Medlem

(sign.)

Knut Helge Vestre

Medlem

(sign.)

Kåre Alfred Hanken

Medlem

(sign.)

Terri Senior

Nestleiar

(sign.)